


# Vassleidning Fjon

## Del I – KONKURRANSESKILDRING



**Utførelsesentreprise  
(Generalentreprise)**

Versjonsnr.	Dato	Hovedtrekk endringar	Endra av

## INNHOLD

<b>1 INNBYDING .....</b>	<b>4</b>
1.1 Kort om anskaffinga .....	4
1.2 Kort om oppdragsgiver .....	4
1.3 Atterhald om løyve og finansiering .....	4
1.4 Tidsplan for anskaffinga .....	4
<b>2 ANSKAFFINGSPROSODYRE OG KONKURRANSEREGLAR.....</b>	<b>5</b>
2.1 Anskaffingsprosedyre.....	5
2.2 Konkurranseregler.....	5
2.3 Kunngjering.....	5
2.4 Opning av tilbod .....	5
<b>3 GRUNNLAG FOR TILBODET .....</b>	<b>6</b>
3.1 Konkurransegrunnlagets oppbygnad.....	6
3.2 Spørsmål og svar til konkurransegrunnlaget.....	6
3.3 Synfaring og informasjonsmøte .....	6
<b>4 KRAV TIL TILBODET .....</b>	<b>7</b>
4.1 Utforming av tilbodet .....	7
4.2 Tilbodets innhold .....	7
4.3 Offentleglova .....	7
4.4 Levering av tilbodet .....	8
4.5 Vedståingfrist .....	8
4.6 Tilbodskostnader.....	8
<b>5 KVALIFIKASJONSKRAV .....</b>	<b>9</b>
5.1 Tilbydars organisatoriske og juridiske stilling .....	9
5.2 Tilbydars økonomiske og finansielle stilling .....	9
5.3 Tilbydars tekniske og faglege kapasitet.....	10
<b>6 TILDELINGSKRITERIE .....</b>	<b>11</b>

# 1 INNBYDING

## 1.1 Kort om anskaffinga

Sveio kommune innbyr med dette til tilbudskonkurranse om generalentreprise for ny vassleidning ved Fjon.

Prosjektet omfattar etablering av ca. 590m med vannledning, samt etablering av EL grøft for Fagne på deler av strekket.

## 1.2 Kort om oppdragsgiver

Sveio kommune ligg i Sunnhordland i Vestland fylke. Kommunen er den sørligaste kommunen i fylket, og har fastlandsgrense til Rogaland. Sveio kommune grenser i sør til Haugesund og Tysvær, over fjorden i vest til Bømlø, over fjorden i nord til Stord og over Ålfjorden i øst til Vindafjord.

Sveio ligg strategisk både når ein reiser til lands og til sjøs. Kyststamvegen E39 går gjennom heile kommunen, medan skipsleia går over Sletta nord for Haugesund, og gjennom Bømlafjorden.

Landskapet i Sveio varierer frå ope hav og nakne svaberg, via lyster og små fjell, til produktivt jord- og skogbruksland.

## 1.3 Atterhald om løyve og finansiering

Det vert teke etterhald om finansiering. Estimert totalramme for entreprisane er NOK 2 millionar ekskl. mva.

## 1.4 Tidsplan for anskaffinga

Aktivitet	Tidspunkt
Sendt til kunngjering Doffin	30.08.2022
Synfaring og informasjonsmøte	07.09.2022 kl.10:00
Frist for å stille spørsmål	6 dagar før innleveringsfrist
Tilbodsfrist	29.09.2022 kl 12:00
Tilbodsopning	29.09.2022 kl 12:30
Evaluering	14 dagar etter opning
Innstilling	13.10.2022
Karenstid	10 dagar etter innstilling
Oppstart innan	07.11.2022
Vedståningsfrist	60 dagar frå tilbodsfrist.
Overtaking innan	31.01.2023

## 2 ANSKAFFINGSPROSODYRE OG KONKURRANSEREGLAR

### 2.1 *Anskaffingsprosedyre*

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open tilbodskonkurranse jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som formålstenleg. Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

Leverandøren blir på det sterkeste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt per e-post til kontaktperson.

### 2.2 *Konkurranseregler*

Alle tilbod vil bli evaluert og tilbydar med mest fordelaktige pris vil bli tildelt kontrakten.

### 2.3 *Kunngjering*

Konkuransen vert kunngjort i Doffin.

### 2.4 *Opning av tilbod*

Opning av tilbod vert gjort elektronisk i Mercell, sjå **1.4 Tidsplan for anskaffinga** for tidspunkt.

## 3 GRUNNLAG FOR TILBODET

### 3.1 *Konkurransegrunnlagets oppbygnad*

Følgande dokument inngår i del I:

- Konkurranseeskildring (dette dokumentet).

Følgjande dokument inngår i del II:

Kontraktsgrunnlag med vedlegg

- Vedlegg 1: Teknisk beskrivelse
- Vedlegg 2: Teikningar
- Vedlegg 3: Skjema for erklæring om ansvarsrett

### 3.2 *Spørsmål og svar til konkurransegrunnlaget*

All kommunikasjon, herunder spørsmål, skal skje gjennom «Meldinger» i oppdragsgjevars konkurransegjennomføringsverktøy Mercell.

Alle spørsmål og svar vil oppdragsgjevar anonymisera og sende til dei leverandørane som har meldt interesse via konkurransegjennomføringsverktøyet.

Dersom leverandøren oppdagar uklarheitar eller feil i konkurransegrunnlaget skal det stillast spørsmål snarast råd.

### 3.3 *Synfaring og informasjonsmøte*

Det vert gjennomført felles synfaring på tomta. Sjå **1.4 Tidsplan for anskaffinga** for tidspunkt.

## 4 KRAV TIL TILBODET

### 4.1 *Utforming av tilbodet*

#### **Organisering av tilbodsdocumenta**

Tilboden skal organiserast som følgjer:

Nr	Dokumentnamn
1	Signert tilbodsbrev
2	Utfylt prisskjema (gab-fil)
3	Avvik og atterhald
5.1	Firmaatest
5.2.1	Dokumentasjon omsetning
5.2.2	Kredittvurdering
5.2.3	Skatteattest
5.3.1	Referanseprosjekter
5.3.2	Dokumentasjon lærlinger
5.3.3	Dokumentasjon kapasitet og gjennomføringsevne
5.3.4	Dokumentasjon kvalitetssikring
5.3.5	Dokumentasjon tiltaksklasse

#### **Språk**

Tilboden skal utformast på norsk.

### 4.2 *Tilbodets innhold*

#### **Avvik og atterhald**

Dersom tilboden inneholder avvik fra teknisk skildring skal tilbydar opplyse om dette i skjema med grunngjeving og konsekvens.

Vesentlege avvik inneber plikt til å avvise tilboden etter FOA §9-6 (1) bokstav b.

#### **Alternative tilbod**

Det er ikkje tillate med alternative tilbod.

#### **Deltilbod**

Det er ikkje tillate å gi inn tilbod på deler av arbeidet.

### 4.3 *Offentleglova*

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentleg anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold

det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

#### **4.4 Levering av tilbodet**

##### **Leveringsadresse**

Tilbodet skal leverast elektronisk i Mercell

##### **Innpakning, format og kopiar**

Tilbodet skal utformast elektronisk i pdf-format.

##### **Tilbodsfrist**

Sjå **1.4 Tidsplan for anskaffinga** for tilbodsfrist.

#### **4.5 Vedståingfrist**

Sjå **1.4 Tidsplan for anskaffinga** for vedståingsfrist.

#### **4.6 Tilbodskostnader**

Kostnader i samband med utarbeidning og levering av tilbodet og gjennomføring av forhandlingar er leverandøren sin risiko.

## 5 KVALIFIKASJONSKRAV

Den valde leverandøren skal levera skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt.

Leverandøren skal krevja tilsvarende skatteattest frå alle underleverandørar ved inngåing av kontraktar i tilknyting til oppdraget som overstig kr. 500 000,- ekskl. mva., jf. FOA § 7-2.

### 5.1 *Tilbydars organisatoriske og juridiske stilling*

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	<p>Norske selskap:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Firmaattest</li> </ul> <p>Utanlandske selskap:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Godtgjering av at selskapet er registrert i føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.</li> </ul> <p><b>Skal dokumenterast i tilbodet.</b></p>

### 5.2 *Tilbydars økonomiske og finansielle stilling*

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha god økonomisk og finansiell kapasitet relatert til storleik på og risiko i aktuelle kontrakten. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Leverandør sin siste årlege omsetnad er minst 4,0 gangar tilbodssum.</li> <li>• Kredittværdig</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dokumentasjon som viser at leverandørens siste årlege omsetning er minst 4,0 gangar total tilbodssum.</li> <li>• Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemد som har konsesjon til å drive slik verksemd.</li> </ul> <p><b>Skal dokumenterast i tilbodet.</b></p>
Leverandøren skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsgiveravgift og meirverdiavgift.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skatteattest, ikkje eldre enn 6 mnd.</li> </ul> <p><b>Skal dokumenterast i tilbodet.</b></p>

### 5.3 Tilbydars tekniske og faglege kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
<ul style="list-style-type: none"> <li>Leverandøren skal ha god erfaring frå oppdrag som kan samanliknast.</li> <li>Lærlingar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Skildring av leverandøren sine 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 5 åra. Skildringa må inkludere opplysningar om:             <ol style="list-style-type: none"> <li>Navn og kontaktinformasjon oppdragsgevar</li> <li>Prosjektnamn</li> <li>Art, storleik, kostnad og kompleksitet med omsyn til utføring, logistikk og framdrift</li> <li>Tidspunkt (frå/til)</li> <li>Kva leveransar leverandøren stod for</li> <li>Entrepriseform</li> </ol> <p>Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.</p> </li> <li>Entreprenør skal dokumentere med eigenerklæring at han er tilknytt ei lærlingordning, og at det vil bli nytta lærlingar i prosjektet.</li> </ul> <p><b>Skal dokumenterast i tilbodet.</b></p>
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg kapasitet og gjennomføringsevne.	<p>Oversikt over leverandørens totale bemanning, samt oversikt over årsverk, med kompetanse for spesielle/viktige fagområde for gjennomføring av denne kontrakten.</p> <p>Det skal gjerast greie for korleis leverandøren vil sikra tilstrekkeleg kapasitet for dette oppdraget. Det skal m.a. leggjast fram ein bemanningsplan for oppdraget som viser talet eigne tilsette, innleigde, underentreprenørar med meir.</p> <p><b>Skal dokumenterast i tilbodet.</b></p>
Prosjektleiar skal ha erfaring frå tilsvarende oppdrag	<p>CV prosjektleiar.</p> <p><b>Skal dokumenterast i tilbodet.</b></p>
Leverandøren skal ha tilfredsstillande rutinar for kvalitetssikring	<p>Ei skildring av leverandøren sine metodar for kvalitetssikring. Dersom leverandøren er sertifisert etter ISO 9001 eller tilsvarende standardar vil det vera tilfredsstillande å leggja fram kopi av gyldig sertifikat</p> <p><b>Skal dokumenterast i tilbodet.</b></p>

Krav	Dokumentasjonskrav
<ul style="list-style-type: none"> <li>Tilbydar må tilfredsstille tiltaksklasse 1 (Veg- og grunnarbeid) og 2 (Vassforsyning og avløpsanlegg).</li> </ul>	<p><u>Aktuell dokumentasjon kan vera ei eller fleire av desse dokumentgruppene</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sentralgodkjenning i aktuelle fag og tiltaksklassar: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Veg og grunnarbeid (kl.1)</li> <li>- Vassforsyning og avløpsanlegg (kl.2)</li> </ul> </li> <li>• Entreprenør må kunne erklære ansvarsrett i tiltaksklasser: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Veg og grunnarbeid (kl.1)</li> <li>- Vassforsyning og avløpsanlegg (kl.2)</li> </ul> </li> </ul> <p>Vedlagt ligger skjema for erklæring om ansvarsrett.</p>

Dersom ein tilbydar sjølv ikke oppfyller krav for å kunne ha ansvarsrett for alle fag og rollar som her er aktuelle, så må leverandør inngi tilbod saman med samarbeidspartnaran, for eksempel underleverandørar slik at dei saman har nødvendige fag. Det må då leverast ei forpliktelseserklæring i tilboden, frå dei føretaka som tilbydaren vil kvalifisere seg saman med. Ei slik forpliktelseserklæring må innehalde stadfesting frå samarbeidspartnaren om at han vil stille sin kompetanse og kapasitet til rådighet for tilbydaren dersom tilbydaren vinn konkurransen. Erklæringa må være signert av samarbeidspartnaren og leggast ved tilboden.

## 6 TILDELINGSKRITERIE

Kriterium	Vekt
<b>Totale kostnader</b>	100 %

Totalpris, utfylt prisskjema, j.f. Del II kontraktsgrunnlaget kap. F.